



Figur 6. Haglskotsjuka på plommeblad etter angrep av lokkrust (*Thekopsora areolata*). Soppen dannar små flekkar på blada der vevet visnar, losnar frå bladplata og etterlet nærast runde hol. Foto: Venche Talgø

er vanskeleg å seia noko sikkert om kor stor sone ein må fjerna heggen i. Generelt vil smittepresset på grana avta med aukande avstand til hegg. Mykje av sporespreinga vil være stoppa dersom det er fritt for hegg i dei næraste hundre metrane, men vær og vind spelar sjølvstøtt også inn. Dersom det er fuktig luft og sterk vind vil sporane kunna overleva lengre transport. Aecidiosporane er meir tjukkvegga enn basidiosporane og vil truleg tåla å verta spreidd over lengre avstandar enn basidiosporane.

Hegg set rikeleg med rotskot. For meir varig fjerning av hegg bør difor snittflatene påførast eit glyfosatprodukt rett etter nedkapping, til dømes ein del Roundup blanda med fire delar vatn. ■

Langmoen ny direktør i Norsk Juletre

Organisasjonen Norsk Juletre har ansatt Tord Langmoen som ny daglig leder. Han er fra før daglig leder i Cockpit Kommunikasjon AS, og skal framover lede begge selskapene.

Norsk Juletre organiserer 470 profesjonelle juletre dyrkere over hele landet, og har fem ansatte.

Langmoen er utdannet diplomøkonom og journalist. Han har sju års bakgrunn som bedriftsrådgiver, og har tidligere arbeidet som journalist, sjefredaktør og administrerende direktør.

Langmoen har gård på Eidsvoll hvor han også har startet med juletreproduksjon. Han har vært medlem i Norsk Juletre i tre år.

-Vi er svært godt fornøyd med å ha Langmoen med på laget, sier styreleder Arne Svandal i Norsk Juletre. ■



Tord Langmoen er ny daglig leder i Norsk Juletre